

Årsrapport 2008

Hardangervidda Fjelloppslyn



FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjelleva og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettighetshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf instruks godtkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit og samarbeider med politiet, statens naturoppsyn, og vernemyndigheitene.

Harangervidda Fjelloppsyn as

Hovudkontor, Haugenbygget på Geilo

Pb: 182, 3581 Geilo

Tlf: 32091307

E-post: hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no

Heimeside: www.harangervidda-fjellstyra.no

Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2008.

Fjelloppsynet har ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og dagleg drift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 4,1 årsverk i 2008.

2008 har vore eit år der fjelloppsynet har arbeidd med å forbetre informasjonen til publikum. Dette har fyrst og fremst skjedd gjennom ei fast bemanna informasjonstjeneste på Tinnhølen. Vidare har informasjon frå fjelloppsynet på heimesida til Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda vore eit ledd i å nå fram til brukarane.

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruksdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn, og noko av arbeidet er betalt av Stiftelsen Unifob og Universitetet i Oslo.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Hordaland, Telemark og Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt og samarbeider tett med politiet.

Me vil takke oppragsgjeverane og andre kontaktar for samarbeidet.

Geilo, mars 2009

Sigurd Gudmundsen /s/
Styreleiar

Georg Gjøstein
Dagleg leiar

Innhald

1. Oppsynsarbeid	4
1.1 Jakt	5
1.2 Fiske	5
1.3 Motorferdsel	5
1.4 Reaksjonsstatistikk	6
1.5 Sårbare artar	6
1.6 Kulturminner	6
1.7 Naturvernområder	6
2. Fjellredningsarbeid	7
3. Informasjonsarbeid	8
3.1 Generelt	8
3.2 Informasjonssentral på Tinnhølen	8
3.3 Opning av Hallingskarvet nasjonalpark	8
3.4 Heimeside.....	8
4. Rekrutteringsarbeid	9
4.1 Generelt	9
4.2 Særskilde arrangement	9
5. Registreringsarbeid	9
5.1 Registrering av villrein – RV 7	9
5.2 Sporing av jerv	9
5.3 Registrering av hilokalitetar for fjellrev	9
5.4 Ørekyteovervåking	9
5.5 Vassprøver frå vassdrag med finprikkaure.....	9
5.6 Registrering av kiting	9
5.7 Oppmåling av husvær.....	10
5.8 Rovviltkontakt.....	10
6. Skjøtselsarbeid	10
6.1 Arbeid i verna områder.....	10
6.1.1 Hardangervidda nasjonalpark.....	10
6.1.2 Hallingskarvet nasjonalpark	10
6.1.3. Landskapsvernområder og naturreservat.....	10
6.2 Arbeid for Eidfjord fjellstyre.....	11
6.3 Arbeid for Røldal fjellstyre	12
6.4 Arbeid for Ulvik fjellstyre.....	13
6.5 Arbeid for Ullensvang fjellstyre.....	14
6.6 Arbeid for Odda fjellstyre	15
6.7 Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre	15
6.8 Arbeid for Rauland fjellstyre.....	16
6.9 Beitestudie	16
7. Sekretariat	16
8. Organisasjonen	17
2.1 Generalforsamling	17
2.2 Styret	17
2.3 Tilsette.....	17
Vedlegg 1. Tjenestekjøp frå SNO	18
Vedlegg 2. Tjenestekjøp frå Fjellstyra	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1. Oppsynsarbeid

1.1 Jakt

Villreinjakt

Hardangervidda Fjelloppsyn sto som tidlegare år for ein stor del av det feltmessige villreinjakttoppsynet på Hardangervidda. Fjelloppsynet var til stades i alle kommuner med unntak av Hol.

Mannskap frå fjelloppsynet deltok også under villreinjakttoppsynet i Brattefjell-Vindeggen villreinområde og Nordfjella villreinområde.

Aktiviteten under villreinjakta er gjort nærare greie for i eigen rapport.



Det var periodevis mykje rein i Tinn under jakta i 2008.

Småviltjakt

Kontroll av småviltjegerar føregjekk i hovudsak samstundes med oppsynet med villreinjakt i statsallmenningane. I Eidfjord vart det utført noko kontroll av småviltjakt også seinare på året.

1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Dette året vart det helde mest tilsyn med garnfisket i Tinnhølen, Lågen og Lakjen.

1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har gjennomført kontrollar under leiing av politiet i fylgjande kommunar: Eidfjord, Odda, Ullensvang, Hol, Vinje og Tokke. Det er i hovudsak gjennomført kontrollar med snøscooterar og bilar/ATV i utmark.

1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 2. Antall kontrollerte

Tema	Antall kontrollerte				
	2008	2007	2006	2005	2004
Motorferdsel	66	25	26	66	101
Småviltjegerar	10	10	34	30	49
Storviltjegerar villreinjakt/elgjakt	57	64	68/4	112/6	16/61
Fiskerar	22	48	54	16	37
SUM	155	147	186	230	264

Tabell 3. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar				Antall anmeldelsar			
	2008	2007	2006	2005	2008	2007	2006	2005
Motorferdsel	3*	5			9*	1	1	2
Småviltjegerar	5	2	6	1				
Storviltjegerar	1	3	1	3	2		1	1
Fiskerar	2			2		1	1	
Bandtvang		10		2				
SUM	14	20	7	8	11	2	3	3

* Advarslar og gebyr for manglande hjelm frå felleskontorllar med politiet er med i statistikken (motorferdsel)

1.5 Sårbare artar

Det vart helde oppsyn med hekkelokalitetar for rovfugl i Buskerud samt skogsfugleikar i Buskerud og Oppland.

1.6 Kulturminner

Det vart helde oppsyn med kulturminner i området Krækja – Finsberg, med særskilt fokus på Sumtangen.

1.7 Naturvernområder

Fjellopsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark og den delen av Hallingskarvet nasjonalpark som soknar til Ulvik kommune, tre landskapsvernområder og 15 naturreservat (tabell 1).

Tabell 1. Naturvernområder der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2008

Vernområder i Telemark:	Kommune
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvasstangen landskapsvernområde</i>	<i>Vinje</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Tinn</i>
<i>Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Hjartdal/Tinn</i>
Verneområde i Hordaland	Kommune
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang, Odda</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Bjoreidalen naturreservat</i>	<i>Eidfjord</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernområde</i>	<i>Eidfjord og Ulvik</i>
<i>Aksnesholmane naturreservat</i>	<i>Kvam</i>
Verneområder i Buskerud	Kommune
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Grothovdmyrane naturreservat</i>	<i>Hol</i>
<i>Fødalen landskapsvernområde</i>	<i>Ål</i>
<i>Veikulåsen naturreservat</i>	<i>Gol</i>
<i>Heimseteråsen naturreservat</i>	<i>Rollag</i>
<i>Lunnane naturreservat</i>	<i>Rollag</i>
<i>Solevatn naturreservat</i>	<i>Sigdal</i>
<i>Harverstingen naturreservat</i>	<i>Krødsherad</i>
<i>Størrmyrane naturreservat</i>	<i>Krødsherad</i>
<i>Storås naturreservat</i>	<i>Krødsherad</i>
<i>Juveruddalen naturreservat</i>	<i>Nore og Uvdal</i>



I Storås naturreservat vart det sette opp verneskilt.

2. Fjellredningsarbeid

Ein medarbeider i Fjelloppsynet bisto politiet og Røde kors i samband med fjellredningsarbeid. Dette gjaldt deltaking på kjentmannstur for politiet og Røde kors, instruksjon under politiets vinterkurs og innsamling og organisering av ruter til bruk under leiteaksjonar.

3. Informasjonsarbeid

3.1 Generelt

I kontakten med publikum er det ei prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon. Samla er det gjeve informasjon til 382 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

3.2 Informasjonsentral på Tinnhølen

Fjelloppsynet oppretta i 2008 ein informasjonsentral med fast opningstid i 3 dagar i veka i juli og fyrstedel av august. Arbeidet føregjekk frå fjellstyrehytta på Tinnhølen, og i eit rom i hytta var det lagt fram brosjyrer om nasjonalparken m.m. Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering og dyreliv var gjengangarar.



Fjelloppsynet oppretta informasjonsentralen på Tinnhølen.

3.3 Opning av Hallingskarvet nasjonalpark

Dei tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn deltok under åpninga av nasjonalparken. Arbeidet Fjelloppsynet hjelpte til med tilrettelegging for arrangementet og informasjon til dei besøkande.

3.4 Heimeside

Fjelloppsynet har gitt informasjon til heimesida til Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda. Dette er artikkelar om pågåande arbeid i regi av fjelloppsynet og meldingar snø og isforhold med meir.

4. Rekrutteringsarbeid

4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttering til jakt og fiske.

4.2 Særskilde arrangement

Personell frå fjelloppsynet arrangerte ei vintersamling på Finse for innvandrarungdom i samarbeid med Norges Fjellstyresamband , Wild X og Ulvik fjellstyre. Deltakarane gravde mellom anna snøholer og pilka røye.

Personell frå Fjelloppsynet la til rette for småviltjakt for ungdom i Buskerud i samarbeid med Buskerud Jeger og Fiske og Øvre Numedal fjellstyre.

5. Registreringsarbeid

5.1 Registrering av villrein – RV 7

Tilsette i Fjelloppsynet har framskaffa data om villreinen sine bevegelser i høve til RV 7 i tråd men instruks frå Direktoratet for naturforvaltning. Villreinen vart lokalisert ved hjelp av radiotelemetri. Arbeidet føregjekk dels ved radiopeilig frå RV7 i bil og dels med snøscooter som framkomstmiddel.

5.2 Sporing av jerv

Fjelloppsynet gjennomførde sporing etter jerv i Ulvik statsallmenning i Hordaland. Det er Også laga dagbokskjema og sporloggar i samband med andre oppdrag.

5.3 Registrering av hilokalitetar for fjellrev

Personell frå fjelloppsynet gjennomførte synfaring og beskrivelse av hilokalitetar for fjellrev i Ulvik og Hol. Resultata blir teke inn i hi-databasen som NINA byggjer opp.

5.4 Ørekyteovervåking

Det vart sett ut to ørekyteruser i det rotenonbehandla området ved Stigstuv. Rusene vart kontrollert. Det var ingen fangst av ørekyte.

5.5 Vassprøver frå vassdrag med finprikkaure

Det er samla inn vassprøver frå Svartavasstjørna, Svartavatnet, Drageidfjorden og ein bekk i nærområdet 7 gonger i 2008 på oppdrag frå Unifob tilknytt Universitetet i Bergen.

5.6 Registrering av kiting

Fjelloppsynet arbeidde med registrering av kiting og skisegling i nærområda til Rv7. Kva områder som vart mest nytta og kva grupper utøverar som deltok vart kartlagt.



Kiting ved Båstjørna i nærleiken av RV7

5.7 Oppmåling av husvær

Fjellopsynet gjennomførte oppmåling av husvær i nasjonalparken i Buskerud og Telemark til Fylkesmanne sitt GAB register.

5.8 Rovviltkontakt

Personell frå fjelloppsynet har gjennomført rovviltkontaktarbeid i Hordaland

6. Skjøtselsarbeid

6.1 Arbeid i verna områder

6.1.1 Hardangervidda nasjonalpark

Fjellopsynet arbeidde med endemerking av traktorsleper i Buskerud og deltok på merking av kulturhistorisk sti i Veigdalen. Nye godkjente teltplassar i jakta vart koordinatfesta. Det vart utført vedlikehaldsarbeid på nasjonalparktavla i Husadalen.

6.1.2 Hallingskarvet nasjonalpark

Fjellopsynet deltok i arbeidet med skilting av nasjonalparken i samarbeid med Jordskifteverket.


6.1.3 Landskapsvernområder og naturreservat

Det vart sett opp informasjonstavler i Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, Fødalen landskapsvernområd, Solevatn naturreservat og Størrmyrene naturreservat.

Det vart i tillegg sett opp verneskilt i 10 naturreservat. Hovedsakleg var dette nyskilting i reservat der det tidlegare var uskilta. Nokre eldre skilt er også bytta ut. Arbeidet er gjort nærare greie for i eigen rapport.

6.2 Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 386,5 timeverk for Eidfjord fjellstyre. Det er nytta mest tid til vedlikehald av hytter, informasjonsarbeid og transport.



Figur 1. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Sengetøyet til fjellstyrehytten er vaska, og reint sengetøy var lagt på. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat og brannslökkingsapparat. Det vart kjøpt inn og sett opp optiske brannvarslarar på hyttene. Det er bytta gasslangar på fleire av hyttene.

Båtane til fjellstyret er teke opp og lagt i vinteropplag.

Tinnhølen

Vindauger og dører vart beisa. Glasrutene på hytta vart kitta opp att og ei knust rute vart skifta. Det vart teke inn og montert ny sofa i hytta. Den gamle benken vart fyrst rive og deretter vart golvet lakka. Det er transportert inn gass og ved.

Langavasshallet

Det vart bestilt og frakta inn spesialsyddde puter til benken i stova og teke inn nokre andre interiørartiklar som kart, klesknaggar og nytt gasskokeapparat. Glas, karmar og dører vart lakka. Lecamuren i gavlen som var rasa ned, vart mura opp att og det vart mura opp ein forblendingsmurs i naturstein framom. I steinbua vart det rydda samem skrot i sekkjer som står klart for uttransport. Det er køyrt inn gass og ved.

Gamla Sandhaug

Det vart teke inn ny gasskomfyr og laga til forlenga benkeplate. Det vart skrudd opp meir klesknaggar og laga til ein utebenk.

Mykje søppel vart frakta ut. Steinbua vart grundig rydda. Her var det mykje skrot etter bygningsarbeidet som var utført. Det er køyrt inn ved.

Viersla

Det vart teke inn nytt gasskokeapparat, kaffikanne, veggknaggar, kart og nye madrassar ved sida av forbruksartikklar som såpe og tørkepapir. Hensen og uthuset vart rydda. Det er køyrt inn gass og ved.

Krobu


Det vart teke inn ny sofa og stoler. Taklampe vart bytta og det vart køyrd inn gass og ved.

Stigstuv

Det vart teke mål og bestilt ny pipe til hytta.

6.3 Arbeid for Røldal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 217 timeverk for Røldal fjellstyre. Det er nytta mest tid til tynningsfiske/fiskeoppsyn, tilsyn og reparasjon av hytter.



Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva.

Nineve

Det vart bytta ytterdør i hytta og laga tørkerist over omnen.

Gamlebua Hellevatnet

Hasper på vindauger vart skifta ut.

Eiriksbu


Det vart laga luke til loftet og tetta for snøinntrengning. Det vart laga til tørkerister over omnane.

Tynningsfiske

Fjelloppsynet arbeidde ei veke på utfiskingsprosjekt i Uravatnet. Prosjektet går over fleire år og har som mål å få opp kvaliteten på fisken i eit av dei gamle gode fiskevatna i Røldal. Resultatet er gjort nærare greie for i eigen rapport.

6.4 Arbeid for Ulvik fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 492 timeverk for Ulvik fjellstyre. Det er nytta mest tid til sekretariat transport og tilsyn med hytter.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar. Det er bytta gasslangar til gasskokeapprata på alle hyttene.

Lengjedalsbu

Det vart teke inn ved og litt utstyr.

Memorgebu

Hytta vart rydda og ved m.m.vart teke inn.

Rundavassbu

Det vart frakta inn pukk og sement.

Søre Grøndalen

Det vart teke inn gass og diverse utstyr. Taket på uthuset vart vølt.

Dyrehola

Det vart frakta gass og diverse utstyr inn. Sjøppel m.m. i retur.

Ripsebu

Det vart teke inn ein båt og diverse utstyr. Ein båt og gass med meir vart frakta ut.

Finsebu


Det vart teke inn ved , mørtel og noko utstyr.



Transport av ved til fjellstyrehyttene må til.

6.5 Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 536 timeverk for Ullensvang fjellstyre. Det er nytta mest tid til sekretariatet, transport og informasjonsarbeid.



Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

Generelt tilsyn

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og delteke i vinterklargjering.

Hansbu- oppsynshytta


Det vart sett opp ny pipe i hytta.

Raudåni-oppsynshytta

Ny pipe vart transportert til hytta

6.6 Arbeid for Odda fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 211 timeverk for Odda fjellstyre. Det er nytta mest tid til fiskeoppsyn, fiskekultivering og villreinjaktoppsyn.



Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid


Fjelloppsynet har helde tilsyn med fjellstyrehyttene.

Bjødnassbu

Dørene på hytta vart reparert og hytta vart beisa.

6.7 Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 1142,5 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre. Det er nytta mest tid til sekretariat, transport og vedlikehald av hytter.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.


Generelt tilsyn

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og i tillegg er dette utført i 2008:

- Lagt nytt tak på Kolven
- Reparert og tømt utedo på Vegarhovd
- Avdekt og dokumentert behov for nytt fundament på Vegarhovd
- Lagt opp systemer for bruk av langved på steinbuene
- Reparert pipa på Knutsbu og Kolven
- Fullført system for håndtering av søppel

6.8 Arbeid for Rauland fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 129 timeverk for Rauland fjellstyre. Tida er brukt til sekretariat, informasjonsarbeid og villreinjakttoppsyn.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslukkingsapparat og brannvaslarar. Slangane til gasskokeapparata er bytta.

6.9 Beitestudie

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i eit husdyrbeitestudie i Hol på oppdrag frå Universitetet i Oslo. Det vart også transportert ut meir gjerdestolp og netting.

7. Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre
- Øvre Numedal fjellstyre
- Ullensvang fjellstyre
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Ulvik fjellstyre

Fjelloppsynet har også hatt sekretærfunksjonen for Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda.

8. Organisasjonen

2.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn as er fjellstyra på Hardangervidda sitt driftsselskap og er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre og Øvre Numedal fjellstyre. Generalforsamling 2008 vart arrangert på Geilo 19. juni.

2.2 Styret

Styret var samansett av styreleiar Sigurd Gudmundsen og styremedlemene Liv I. Myklatun og Steinar Langesæter. Styret har handsama 16 saker i 2008.

2.3 Tilsette

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2008 og ein midlertidig tilsett (tabell 4.) Kristoffer Ullern Hansen har vore tillitsvald og verneombud. Hardangervidda Fjelloppsyn as er medlem i Hallingdal og Valdres Bedrifthelsetjeneste.

Tabell 4. Tilsette i 2008

Tilsett / kontorstad	Stillingstorleik
Georg Gjøstein (dagleg leiar), Geilo	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	70,8%
Kristoffer Ullern Hansen, Ulvik	80%
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	79 5%
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	50%
Helge Bitustøyl, Rauland	25%
Sten-Rune Jensen, Uvdal	Midlertidig tilsett (1 måned)

Vedlegg 1

Tjenestekjøp frå Statens naturoppsyn

Tabell 1. Antall timeverk fordelt temavis

Tema	Timeverk			
	Hordaland	Buskerud	Telemark	SUM
Kontroll av motorferdsel	36,5	22,5	50	109
Oppsyn med villrein Rv 7 – radiotelemetri	133	98	44	275
GAB registreringar		11	18	29
Registrering av kiting og skisegling	22,5	16		38,5
Fastsetjing av godtkjente teltplassar i jakta	13			13
Oppsyn med bygging i landskapsvernområde		5		5
Registrering av fjellrevhi	10	8		18
Sporing etter jerv	2			2
Oppsyn med speltplassar for skogsfugl		39		39
Skjøtselsarbeid i Hardangervidda nasjonalpark	8,5			8,5
Oppsyn med sårbar fauna (hekkelokalitetar m.m.)		21		21
Oppsyn og skjøtsel i verneområder utanfor H. vidda	37	160	58	255
Oppsyn med kulturminner	18			18
Endemerking av traktorsleper		22		22
Oppsyn i Hallingskarvet nasjonalpark	81			81
Rovviltkontaktarbeid	76,5			76,5
Redningstjeneste			25	25
Diverse		2,5	2	4,5
Oppsyn under villreinjakta				1098,5
Roviltkontakt (kontor)				139,5
Anna kontorarbeid				342,5
SUM totalt				2620,5

Kostnad:

Omfanget av tjenestekjøpet frå Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2008 er som følger:

2138,5 timar feltarbeid a` kr 483,-	kr 1.032.895,5
482 timar kontorarbeid a` kr 346,-	kr 166.772,-
25% MVA	kr 299.916,8
SUM	kr 1.499.584,4

RAPPORT FRA TJENESTEYTERE

Fra Hardangervidda Fjellopsyn i anledning tjenestekjøp for perioden 2008 i geografisk område Hardangervidda villreinområde, Hallingskarvet nasjonalpark, naturreservat i Telemark, Buskerud og Hordaland. Rovviltkontatarbeid i Hordaland og Sogn og Fjordane

Sammendrag av feltdagbok for utførte oppdrag/ turer:

1. Totalt antall dager i felt: 216

2. Arbeidstid:

Timeverk			
Oppsyn i felt	Reise/klargjøring	Kontor/administrasjon	Sum
1665	473,5	482	2642,5

Kilometer totalt						
Bil	Snøskuter	ATV	Fots/ski	Fly	Båt	Totalt
19098	2927		1346		190	23561

3. Arbeidet er utført av:

(navn/fødselsdato) Trine Hilstad, Hans-Jørgen Jahren, Georg Gjøstein, Helge Bitustøyl, Sveinung Hylland Olsnes, Kristoffer Ullern Hansen, Sten Rune Jensen

4. Publikumskontakt/reaksjonsstatistikk:

Reaksjonsstatistikk				
Kontrollerte	Informerte	Advarsler	Anmeldelser	Søk/redning
105	352	10	10	

4. Utviklingstrekk, kort beskrivelse:

Årsrapport

5. Oppdrag og tiltak som er særskilt avtalt (for hvert oppdrag):

Årsrapport

6. Nye oppsynsbehov og prioriteringer, kort vurdering:

--

7. Konkrete eller prinsipielle forslag til forbedringer av oppsynsarbeidet.

--

Sted, dato; Geilo 5. mars 2009.

Underskrift:

Georg Gjøstein /s/

Vedlegg (eventuelt):

sdf